

Forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2021

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 25. februar 2021 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) § 8, § 9, § 10, § 14 og § 15

I

I forskrift 17. desember 2020 nr. 3022 om tilbakebetaling av utdanningslån 2021 blir det gjort følgende endring:

Ny § 7-1 a skal lyde:

§ 7-1 a *Utsetjing med betalinga av terminbeløpa under utbrotet av Covid-19*

Under utbrotet av Covid-19 har låntakar fram til 1. juli 2021 rett til utsetjing med betalinga av terminbeløp ut over grensa på tre år i § 7-1 første ledd.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

II

Endringa trer i kraft straks.